


# NOTAT

Tal, prognoser og analyser for:

Eid kommune



UTKAST

# 1. Innleiing

I arbeidet med regional planstrategi er det viktig med relevant, oppdatert og faktabasert kunnskap om viktige tema og satsingsområde for kommunen. For å kunne drive målretta samfunnsutvikling er det viktig at politikkkutforminga bygger på eit godt kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget er bygd opp kring hovudutfordringane for kommunen (med utgangspunkt i utfordringane i fylket), og skal gje naudsynt grunnlag for prioriteringane i sjølve planstrategien. Vi omtalar situasjonen slik den er i dag, utviklingstrekk og utfordringar fylket står ovanfor. Vi legg vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får med framskrivingar, analyse og oppsummering av moglege strategiar ut frå utfordringane.

For dei neste åra er det peika på fire hovudutfordringar fylket vil møte:

- Globalisering – urbanisering, av både kapital og menneskjer
- Folketalsutviklinga, migrasjon og kvinnene si rolle i samfunnsutviklinga
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimautfordringane

Utfordringane er knytt til tydelege drivkrefter lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. Kunnskapsgrunnlaget og utfordringane viser tydeleg at fylket og kommunane står framfor store endringar dei neste 10-20 åra uansett korleis vi møter alle utfordringane.

Den mest sentrale kunnskapsleverandørane er Statistisk sentralbyrå, SSB.no.

Prognosar og analysar tar ikkje omsyn til ei mogleg endring i kommunestrukturen.

Dokumentet vil verte delt opp i følgjande tema som på kvar sin måte vert linka til hovudutfordringane.

1. Innleiing
2. Demografi - status
3. Utflytting til meir sentrale strøk
4. Innvandring
5. Kvinner som flytter
6. Arbeidsplassar

Analysane og dei grafiske framstillingane i kapitla 2 vil danna grunnlaget for analysane i kapitla 3 til 6.

**I Fylkesspegelen<sup>1</sup> finnes ytterligere statistikk på kommunenivå som kan vere brukbart i planlegningsarbeidet.**

Datagrunnlag for analyse og figurane kan leverast av Fylkeskommunen på førespurnad.

---

<sup>1</sup> <http://www.sfi.no/fylkesspegelen.337924.nn.html>

## 2. Demografi – status

I fig. 2.1 kan ein sjå å det i Eid kommune generelt har vore ei positiv folketalsutvikling, med det har vore litt nedgang i folkemengda i åra 2001, 2004, 2009 og 2012. Folketalet har i gjennomsnitt auka med 15 personer i året i den viste periode. Frå 2010 har folketallet i gjennomsnitt auka med 28 personer i året fram til 2016. Totalt er folketallet auke med 166 personer frå 2010 til 2016.




Fig. 2.1: Kilde: SSB.no, tabell 06913

### Folketalsutvikling

I fig. 2.2 kan ein sjå ein meir detaljert framstillinga av ulike variable i folketalsutviklinga i frå 2010 til 2015.




Fig. 2.2: Kilde: SSB.no, tabell 01223

I heile perioden oversteig fødselstalet tal døde i Eid, kor fødselsoverskot har variert frå 12 til 28. Det er ikkje nokon klar tendens i variasjonen, men tallene viser at det over de siste 5 årene er ein liten nedgang i tall fødsler. Innvandringa til Eid har også variert dei siste åra, kor det i 2013 og 2014 innvandra rundt 60 personer, men det i 2015 var barre 36 innvandra. Forholdet mellom inn- og utflytting har også variert noko i perioden. I 2013-2015 var der over 200 utflyttingar frå Eid, kor netto innflytting i både 2013 og 2014 var negativ med over 50 personer. I 2014 og 2015 har det vere nedgang i tall for utflytting, og nettoinnflytting ligger i 2015 tett på 0.

## Tal innvandrarak

Delen innvandrarak utgjorde i 2015 8,4 % av befolkninga i Eid. Framleis er det arbeidsinnvandringa som er den dominerande innvandrargruppa. I fig. 2.3 kan ein sjå det flest (60 %) innvandrarak i Eid kommune kjem frå landa i Europa unntatt Tyrkia. Kor 37 % kjem frå Afrika, Asia og Tyrkia.

Tal på innvandrarak tek ikkje opp i seg asylsøkjarak sidan folketal er basert på innbyggjararak som har fått opphaldsløyve<sup>2</sup>. Men tal frå Utlendingsdirektoratet viser at det i mars 2016 var 1320 bebruar i asylmottak i Sogn og Fjordane fylke.




Fig. 2.3: Kilde: SSB.no, tabell 07110

<sup>2</sup> SSB har ikkje statistikk om asylsøkjarak. Det er fyrst når ein asylsøklar får godkjent lovleg opphald i Norge, får fødselsnummer og dermed vert definert som innvandrarak, at han/ho kjem i registra til SSB. Når eit stort tal asylsøkjarak resulterer i lang sakshandsamingstid i UDI, kan det ta fleire år frå ein asylsøklar kjem til Norge til han/ho gjev utslag i statistikken.

## Tettbygd og spreiddbygd

I fig. 2.4 kan ein sjå at delen som bur i tettbygd strøk er aukande. Frå 2006 har det vore flest innbyggjarar i tettbygd strøk, og i 2015 var det 57 % av innbyggjarar i Eid som bur i tettbygd strøk.




Fig. 2.4: Kilde: SSB.no, tabell 05212

## Folketalsendring framover, prognose

Før vi går inn i ei drøfting knytt til framskrivingane, er det viktig å ha med seg at dette er prognosar, og ikkje noko som er hogd i stein. Til grunn for talla ligg SSBs folketalsprognosar 2015-2040 (middels nasjonal vekst)<sup>3</sup>. Viss vi får større endringar, t.d. i innflytting og utflytting, vil dette påvirke prognosane monaleg, og mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølvstøtt også gje mindre endringar i prognosane.




Fig. 2.5: Kilde: SSB.no, tabell 10213

Prognosen vist i fig. 2.5 syner at Eid vil i framskrivingsperioden 2015-2040 ha en lite befolkningsauke på 211 personar. Dette er ein auke på om lag 4 %. Korleis denne auken fordelar seg i aldersgrupper ser ein av fig. 2.6 nedanfor.

<sup>3</sup> <https://www.ssb.no/folkfram>

## Framskrivning aldersgrupper

I fig. 2.6 kan ein sjå at det er nedgang i alla aldersgruppene 0-66 år i framskrivingsperioden frå 2015 fram til 2040. Den største nedgang er i aldersgruppa 13-19 år, kor framskrivinga forut ser 17 % mindre unge i 2040 i samanlikning med 2015. Eid kommune vil få ei stor auke i aldersgruppene +67 år. Gruppa 67-79 år vill auke med 48 % og gruppa 80-89 år vill auke med om lag 114 %.




Fig. 2.6: Kilde: SSB.no, tabell 10213




Fig. 2.7: Kilde: SSB.no, tabell 10213

Ved å bryte ned tala kan det i fig. 2.7 sjå ut som om dimensjonering av barnehage, skule og vidaregåande skule i 2040 vill ligge under det nivå som er i dag. Støste nedgang er i skulealdersgruppa.

Utfordringa for Eid er knytta til helse og omsorgstjenestene med auken på 88 % i aldersgruppa +70 år. Det vil gje kommunen store utfordringar med å rigge ei eldreomsorg som både kapasitetsmessig og kvalitetsmessig tilfredstiller krava sett av myndighetene.

### Kjønnsfordeling.

Som i resten av fylket har også Eid ei utfordring i høve til kjønnsbalansen. I fig. 2.8 så syner prognosane eit jamt, men lite, underskot av kvinner. I 2015 i alderen 20-39 år er det 93 kvinner pr. 100 menn. Kvinneunderskotet i aldersgruppa 20-39 år ser ut som det vil auka fram imot 2030, her er det berre 88 kvinner pr. 100 menn. Men i 2040 vil kvinneunderskotet være om lag same nivå som i dag, 92 kvinner pr. 100 menn. Det står meir om temaet i kap. 4.





Fig. 2.8: Kilde: SSB.no, tabell 10213

## Levekår og livskvalitet.

I fig 2.9 vises folkehelseprofilen frå Eid. Folkehelseprofilen er i frå Helsedirektoratet og kommenterast ikkje meir førebels.



- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Fig. 2.9: Kilde: <http://www.fhi.no/helsestatistikk/folkehelseprofiler/finn-profil>

## Samandrag

Vi ventar store demografiske endringar i Eid kommune. Samansetninga av alder i befolkning i 2015 samanlikna med samansetninga av alder i 2040 baseret på befolkningsframskrivinga er illustrert i ein befolkningspyramide, sjå fig. 2.10.




Fig. 2.10: Kilde: SSB.no, tabell 10213

Ein kan seie at det er to demografiske hovudutfordringar for kommunen, det eine er fall i folketalet i aldersgruppa 20-39 år på ca. 6 % og det er auken i aldersgruppa +70 år på ca. 88 % (Fig. 2.11). Et sted mellom 2035 og 2040 vil der vere fleire innbyggjar i Eid kommune i aldersgruppa +70 år i samanlikning med aldersgruppa 20-39 år. Strategiane i så måte bør då vere både å auke tilflyttinga og å planleggje korleis ein skal innrette eldreomsorga i framtida.




Fig. 2.11: Kilde: SSB.no, tabell 10213

### 3. Utflytting til meir sentrale strøk

Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den enkelte kommune. Også i Eid kommune er delen som bur i tettbygd strøk er aukande (fig. 2.4).

Sentralisering vert ofte definert som at befolkninga over tid vert konsentrert på ein (geografisk) stad. Desse prosessane skjer lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. På nasjonalt nivå skjer konsentrasjonen til dei folkerike regionane, «sentrale strøk». Ved ein konsentrasjon kring sentrale strøk, vert utkantane tappa for folk og energi. Det handlar om sentrum og periferi.

Fråflytting kan og føre til ein redusert etterspurnad etter bustader delar av kommunen, slik at dei som skal selje sine bustader må realisere eit verditap. Kommunen kan bli sitjande med unytta infrastruktur og kapitalkostnader m.m. For andre typar tenester kan befolkningsgrunnlaget verte for lågt til at tilbod kan oppretthaldast. Mange som synes at det gode livet eigentleg er på landsbygda, får dermed velferda redusert på grunn av sentraliseringa. Slike endringar vert ofte omtalt som «uttynning» av lokalsamfunnet.

### 4. Innvandrarak

Om lag 8,5 % av innbyggjarane i Eid er innvandrarak, fyrst og fremst i frå Europa, men også en større delen kommer frå Afrika, Asia og Tyrkia (fig. 2.3: Kilde: SSB.no, tabell 07110).

Eit stadig meir fleirkulturelt Eid krev at kommunen lykkast med inkludering på alle nivå i samfunnet. Kommunen, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane.

I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande viktig. For flyktingane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrarak og flyktingane er at dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.

Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag i dette arbeidet. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarak til fylket.

Ei viktig oppgåve vil vere å legge til rette for eit godt samspel mellom dei aktørane som har moglegheit til å påverke arbeidet med inkludering i positiv retning.

I følgje tal frå NAV er det stor arbeidsløyse blant innvandrarak i fylket. Tala syner at arbeidsløysa er seks gonger større enn blant etniske nordmenn. NAV kan heller ikkje sjå nokre positive utviklingstrekk framover på dette området. Informasjon både frå NAV og IMDI syner at fylket skorar lågare både i høve til norskopplæring og med busetting av flykningar, enn andre fylke. Forsking syner at ein nøkkelfaktor i høve til ei vellukka integrering er å kunne snakke norsk.

Tidlegere var innvandring fyrst og fremst eit storbyfenomen, men med auka arbeidsinnvandring har vi fått ei større regional spreiding av innvandrarakar ut i distrikta. Arbeidsinnvandringa er eit resultat av utvidinga i EU i 2004 og 2007. Polakkar er saman med svenskar den største innvandrargruppa i Noreg. Arbeidsinnvandringa og innvandringa fører med seg folketalsauke fylket samla sett og i mange kommunar som elles ville hatt nedgang i folketallet, dette er også gledande frå Eid kommune. Grunnen er at arbeidsinnvandringa i stor grad har forsynt lokale bedrifter med arbeidskraft.

## **Kven blir og kven dreg**

Flyktningar og deira familiar er dei som i størst grad vert buande i Norge, medan nordiske innvandrarakar og personar med utdanning som innvandringsgrunn i mindre grad vert buande. Arbeidsinnvandrarakar ligg omtrent midt på treet i denne samanlikninga.

I følgje Statistisk sentralbyrå flyttar flyktningar oftare frå den kommunen dei først blir busett i, til meir sentrale kommunar. Det er også mest vanleg blant innvandrarakar med familie som innvandringsgrunn, blant norskfødde barn av innvandrarakar, utdanningsinnvandrarakar og personer utan innvandrarakarbakgrunn. Arbeidsinnvandrarakar og nordiske innvandrarakar skil seg noko ut, ved at dei ofte flyttar til mindre sentrale kommunar enn dei flytta frå.

Flyktningar og deira familiar flytta i stor grad til kommunar med andre innvandrarakar med same innvandrarakarbakgrunn. At dei flyttar til sentrale strøk gjev positiv samanheng mellom flytting og regional sysselsettingsutvikling, i og med at dei flyttar til regionar med sterk vekst i sysselsettinga.

## **5. Kvinner som flytter**

Som ein kan sjå av fig. 2.8 har også Eid ei ubalanse i kjønnsfordelinga i aldersgruppa 20-39 år (Kilde: SSB.no, tabell 10213).

Det kan vere ulike årsaka til dette, men forskning og statistikk knyt dette tydelig til veksten i høgare utdanning, som igjen har hatt betydning for endringar i arbeidslivet.

Sentraliseringa på 1980-talet og «Kvinneflukta frå distrikta» førte med seg at fødselstala minka mykje. Folketalsprognosen som ligg til grunn for dei analysane som er gjorde syner eit jamt, men lite, underskot av kvinner i høve til menn i kommunen. Sentralisering og utdanningsekspljosjonen dei siste 30-40 åra vert peikt på som orsakar til dette, der kvinner i større grad enn menn utdannar seg. Mange flyttar på seg for å ta utdanning og dei buset seg i byar der mogeligheitene er større for jobb, karriere og fagleg utvikling. Nasjonale tal i dag syner at 55 % av de med høgare utdanning er kvinner. I Eid kommune er det heile 59 % av de med høgare utdanning kvinner (Kilde: SSB.no, tabell 09429).

I følgje sosiolog Kåre Heggen gjer bygdejentene som innvandrarakarjentene. Dei gjer meir skularbeid og dei skaffar seg høgare utdanning enn byjentene og bygdegutane. Samstundes gjer denne prosessen at dei i større grad endrar haldningar og perspektiv på livet, slik at avstanden til bygda veks.

I Eid kommune har en lågare del kvinner og menn med høg utdanning (27 %) enn på nasjonalt plan, kor 31 % av begge kjønn har en høg utdanning. Men kvinner i Eid ligger tettare på lands gjennomsnittet, da 32,5 % av kvinner i Eid har en høg utdanning (Kilde: SSB.no, tabell 09429).

## 6. Arbeidsplassar, sysselsetting og pendling

I fig. 6.1 og fig 6.2 kan ein sjå den største endringa i sysselsette i perioden 2008-2014 finn vi i Varehandel og motorvognreparasjonar med ei reduksjon på om lag på 83 sysselsette. Men også SN01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske og Industri har en nedgang i perioden, dette er ei reduksjon ein kan sjå i dei fleste kommunane i fylket. Den største auken i sysselsetting finn ein innafor Bygge- og anleggsvirksomhet, Undervisning og SN86-88 Helse- og sosialtjenester. Vi er usikker på årsaker til auken i bygge- og anleggsverksemd, men dei 2 siste heng fyrst og fremst saman med ein auke i det kommunale velferdstilbodet. Totalt er talet sysselsette i kommunen redusert med 38 sysselsette i perioden 2008-2014.




Fig. 6.1: Kilde: SSB.no, tabell 08536




Fig. 6.2: Kilde: SSB.no, tabell 08536

## Pendling

I Eid kommune er det 2325 sysselsette der dei bur og arbeider i Eid kommune.

Pendlarar er definert som sysselsette som har arbeidsstaden sin i ein annan kommune en der dei bur. Pendling kan verte eit resultat av eit underskot på arbeidsplassar i forhold til arbeidsstyrken der dei bur.




Fig. 6.3 [Viser topp 10 kommunar kor frå sysselsette som pendlar ut]

Kilde: SSB.no, tabell 03333 og tabell 03321

I fig. 6.1 og fig 6.2 kan ein sjå i Eid kommune er det lite sysselsette som pendlar ut og det er også ein lite del som pendlar inn i kommunen. Tala syner at det er 549 personar som i 2014 pendla inn i kommunen og 818 personar som pendla ut av kommunen. Det er ikkje ein dominerande tendens at kor frå dei som pendlar ut kjem frå, sjå fig. 6.3. Det er heller ikkje ein dominerande tendens at kor frå dei som pendlar inn kjem frå, sjå fig. 6.4.




Fig. 6.4 [Viser topp 10 kommunar kor frå sysselsette som pendlar inn]

Kilde: SSB.no, tabell 03333 og tabell 03321